

Folkedans



Informasjon om verkstaden:

På danseverkstaden får elevane eit innblikk i kulturarven vår. Dei får gjennom praktisk dans og teori auka kunnskapen om sjangeren folkedans, kva mangfald sjangeren femner og kvifor dansane har vorte som dei er i dag.

Før var folkedans «folkets dans», dansen som levde og vart nytta i samfunnet. I dag har folkedansen vorte ein sjanger, slik som vi òg har hip-hop, ballett og moderne.

Folkedans er ein sjanger som inneheld både bygdedans, runddans, turdans, songdans, songleik og 1900-tals dans. Det vil seie dansar frå kanskje så langt tilbake som 1500-talet og dansar som swing og linedans som kom på 1900-talet. Dette er mange år med dansehistorie, leik og endringar i samfunnet. Veit du for eksempel at dei moderne dansane som vals, reinlender, polka og masurka kom til Noreg allereie i perioden 1820-1850? Og at dei kom til Austlandet lenge før dei kom til Møre og Romsdal?

Klappeleikane våre, som for eksempel «Å makaroni» og «Anne liane», er under kategorien songleik saman med «Slå på ringen» og «Ta den ring og la den vandre». Dette er leik som mange ikkje tenker på som folkedans.

Dans i par, på rekker og på ring er fellesnemner for dei fleste av dansane. Og sjølv om vi tenker at norsk folkedans er dansar frå Noreg, så finn vi likskapar og lenker til område som Færøyene, Skottland, Polen, Finland osv.

Elevar og lærarar vil vere i fysisk aktivitet gjennom det meste av verkstaden. Vi treng då helst ein gymsal som er stor nok til at alle kan danse samstundes.

Utvida tilbod til Musikklinene

For musikklinene er det mogleg å bestille ein utvida versjon på til saman 4 skuletimer som i tillegg til dans òg inneheld «instrumentkunnskap». Her får elevane kjennskap til instrument som er vanlege å nytte innan sjangeren folkemusikk. Vi kan mellom anna nemne munnspele, einrader, torader, trekkspel, sjøfløyte, seljefløyte, hornfløyte, munnharpe, fele og hardingfele. Kva er spesielt for instrumenta, tonalitet og korleis er dei laga. Elevane vil sjå, høyre og kanskje få prøve nokre av instrumenta.

Målgruppe:

Vidaregåande VG1-VG3
Utvida tilbod til MDD

Tid:

2 timer

Elevtal:

Ein klasse på opp til 30
elevar om gongen

Areal:

Gymsal

Behov:

Læreplanane:

Formidlinga dekker fleire kompetansemål:

- Trene på og skape nye varianter av leik, bevegelsesaktivitet og dans saman med andre. (Kroppsøving VG1)
- Gjennomføre leikar, idrettsaktivitetar og andre bevegelsesaktivitetar og forstå korleis ulike aktivitetar påverkar og utviklar koordinasjon, styrke, uthald og bevegelegheit. (Kroppsøving VG2)
- Utforske hvordan kommunikasjon og kulturmøter har hatt betydning for mennesker i Norge og verden. (Historie VG2)
- Samarbeide om å løyse praktiske oppgåver i eit læringsfellesskap og ut frå øving og aktivitet reflektere over korleis eigen medverknad kan påverke andre. (Kroppsøving VG3)
- Analyser hvordan fremstillinger av fortiden har blitt brukt i Norge for å skape nasjonal identitet og drøfte hvilke virkninger dette har hatt for ulike grupper. (Historie VG3)
- Bruke kunnskap om joik og samisk fortellertradisjon og om norsk folkemusikk og folkedans i formidlingsarbeid. (MDD)
- Utforske dans og fysiske uttrykk i utøving, og reflektere over kroppens muligheter i bevegelse. (MDD)
- Reflektere over hvordan det å utøve, formidle og skape musikk kan bidra til å opprettholde og videreutvikle kulturarven. (MDD)

Førebuing til besøket:

Det er fint om lærar og elevar snakkar om kva dans er på førehand. At dans er bevegelse til musikk, dans kan vere identitet, dans kan vere noko ein gjer saman eller aleine osb.

Vi er fysisk aktiv gjennom det aller meste av timen. Lurt at alle kjem i gymtøy.

Etter besøket:

Nytt dansar frå Folkepedia.no til oppfrisking og elevopplegg. På nettsida finn du òg link til spelolister med musikk som passar til dansane.

«Folkedans» er kulturarvformidling laga av Folkemusikkarkivet ved Viti (fellesteneste for musea i Møre og Romsdal).